



Til foredragshaldarar /innleiarar på  
plankonferansen 2014

Dato: 17.09.2014  
Vår ref.: 2014/20899-3  
Saksbehandlar: livsund

## **Informasjon til foredragshaldarar på plankonferansen i Hordaland 28. – 29. oktober 2014**

Vi er takksame for at du vil bidra på plankonferansen. Invitasjon og program vert sendt ut i desse dagar. Her kjem litt praktisk informasjon.

### **Påmelding**

Det er lagt opp til elektronisk påmelding til konferansen. Vi ber om at også foredragshaldarane fyller ut det elektroniske påmeldingsskjemaet, og kryssar av i rubrikken for foredragshaldarar. Kryss av for ønska sesjon dersom du vil vere med på sesjonane den 29. oktober. Skjemaet er å finne på <http://kurs.hfk.no/kurs-og-konferansar/2014/plankonferansen-2014>.

Alle foredragshaldarar/innleiarar er velkomne til å delta på heile konferansen inkl. middag utan kostnad.

### **Overnatting**

Dersom du treng overnatting, er det best å bestille sjølv hos hotell Grand Terminus, der konferansen finn stad og der vi har avtale. Vi har førehandsreservert 50 rom fram til 1. oktober. Etter då kan ikkje hotellet garantere plass, men vi får uansett same pris og kan bruke same bookingnummer. Web-adresse til hotellet er [www.grandterminus.no](http://www.grandterminus.no) telefon 55 21 25 00. Ved bestilling oppgi bookingnummer 3805502.

Dei som har behov for ei ekstra overnatting vil få dekt dette.

### **Dekking av utgifter**

For firma/sjølvtendig næringsdrivande/kommunar/organisasjonar:

Vanlege firma m.fl. som er momsregistrerte sender inn faktura til vår fakturaadresse:

Hordaland fylkeskommune  
Fakturamottak  
Postboks 7910  
5020 Bergen  
Ressursnr. 160154

For dei som er sjølvtendig næringsdrivande og som ikkje har fakturasystem, sjå vedlegget «Krav til faktura». Side 2 i vedlegget gjeld for utanlandske firma/privatpersonar.

For privatpersonar i Norge:

Bruk vedlagte skjema for reiserekning og honorar. NB! For tilsett eller politikar i kommune eller annan offentlig etat oppmodar vi om at reiserekning vert levert den respektive etaten som så sender faktura til Hordaland fylkeskommune for refusjon, sjå over.

Hordaland fylkeskommune opererer ikkje med faste honorarsatsar, men honorar vert avtalt med den einkilde der det er relevant.

Vi reknar med at foredragshaldarane har med seg sine foredrag på minnepinne. Vi oppmodar om at desse vert levert oss i god tid på førehand for innlegging på PC i konferanselokala, seinast i siste pause før foredraget. Vi ønskjer å publisere foredraga på våre nettsider [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan) etter konferansen.

Ved spørsmål, ta kontakt med underteikna, tlf 55 23 92 95, [livsund@hfk.no](mailto:livsund@hfk.no) eller til ekspedisjonen på regionalavdelinga, tlf 55 23 92 82, [regional@hfk.no](mailto:regional@hfk.no).

Sjå også informasjon om konferansen på våre nettsider [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

Dersom det av ein eller annan grunn skulle bli behov for endringar i programmet, ber vi om å få melding om dette snarast mogleg.

Vel møtt! Vi ser fram til ein spanande og aktuell konferanse.

Venleg helsing

Marit Rødseth  
plansjef

Liv Sundheim  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. «Krav til faktura»
2. Skjema for reiserekning og honorar.
3. Program